

Kommunedelplan for Vågslid planområde F 11

Eg viser til e-post frå Lotte Næss, med vedlegg.

Konsekvensane for villrein er vurdert i Faun rapport 001-2014 Konsekvensar for villrein ved ny kommunedelplan for Vågslid. Rapporten er bruka som grunnlag for Fylkesmannen si vurdering av planen. I brev 3.6.2014 gjeng han med på å trekke tidlegare motsegn til planområde F 21 og F 23 men held oppe motsegna for område F 11. «*Fylkesmannen opprettholder innsigelsen når det gjelder avgrensningen av hensynssone villrein i kommunedelplanen. Videre ber vi Vinje kommune rette hensynssonen slik at kommunedelplanen følger hensynssone nasjonalt villreinområde og hensynssone villrein, jf. Heiplanen*». Fylkesmannen viser her til at grensene i heiplanen er basert på ein prosess der både kommunen og andre berørte interesser har vore med, og at terskelen skal vera høg for å fråvike desse grensene.

Plan og miljøutvalet i Vinje vedtok på møte 26.11.2014 rådmannen si innstilling om å også å ta med felt F 11. Ein ser at den planlagde F 11 kan ha negative konsekvensar og at utbygginga grip inn i viktige turområde, men vil likevel legge mest vekt på positive ringverknader for lokalt næringsliv. Ein kjenner seg heller ikkje att i fylkesmannens vurdering av prosessen bak fastsetting av grensene i Heiplanen.

Faun Naturforvaltning har uttala seg nokså forsiktig om verknadene av hytteområdet: «*Det er sannsynleg at vidare hyttebygging i Vågslid kan bidra til å auke bruken av områda ikring, også utan at ein opnar opp for bygging på sørsida av vassdraget. Utbygging av felt F 11 kan bidra til å skuve sona med negative verknader på grunn av friluftsliv vidare innover i villreinområdet. Ein god sti og løypeplan vil vera eit vesentleg bidrag til å kanalisere ferdsla og dermed redusere dei negative verknadene for villreinen. Dei to andre felta F 21 og F 23 er vurdert som lite problematiske i høve til villrein. Grensa for omsynssone villrein er lite detaljert, og ein kan derfor ikkje utan vidare fastslå kor mykje av denne omsynssona som blir direkte berørt av dei planlagde hyttefelta*».

Av rapporten frå Faun gjeng det fram at det sjeldan blir observert reinsdyr i det aktuelle området, men at området vidare sørover på høgfjellet særleg blir bruka av reinen på ettervinteren og våren. Fjellet her må også sjåast i samanheng med trekkorridorane over E 134 mot Hardangervidda og riksveg 9 mellom Setesdal Vest og Setesdal Aust. Posisjonsdata frå radiomerkte simler i Setesdal Ryfylkeheiane har ikkje påvist at desse dyra har bruka området.

Faun Naturforvaltning har også uttala seg til hytteplanar lenger sør, ved Vamark, og kontakta da Hardangervidda villreinsenter ved Anders Mossing om grunnlaget for grensene i Heiplanen. I e-post 15.12.2014 skriv Anders Mossing: «*Arbeidet med kartlegging av villreinens arealbruk i SVR-SA var et arbeid basert på en rekke ulike typer data. Alt fra stedfestede/kvantitative data til mer intervjubaserte data. Alle data og «innspill» ble diskutert og kvalitetssikret i en faglig prosjektgruppe. Området*

Faun Naturforvaltning AS
Post/besøksadresse:

Org nr: 984 731 604
Klokkarhamaren 6
Fyresdal Næringshage
3870 Fyresdal
2801.08.26952
post@fnat.no
www.fnat.no

Bankgiro:
E-post:
Internett:



Vadmark-Mjølstøyl er definert i kartleggingen som et «potensielt trekkområde for utveksling mellom delområder». I et lokalt møte den 28.04.08 ble dette bekreftet av lokale kilder. Så vidt jeg minnes har andre kilder bekreftet dette, men lagt til at det i hovedsak har vært brukt av «Hardangerviddedyr» i perioder med høy bestand (ca. 20-30 år siden). Området var også med i tidligere kartgrunnlag «Ferdsele i Setesdal Austhei villreinområde» (utarbeidet av Jon E. Skåtán på oppdrag fra Setesdal Austhei villreinnemnd og FM Aust-Agder/Telemark)» (Faun-notat 10-2014).

Som eg tidlegare har skrivne i rapport 001-2014 er området etter alt å døme lite bruka av villreinen. Men ved å «ta hol på» eit nytt område på sørsida av vassdraget vil ein sannsynlegvis opne for meir ferdsel opp i høgfjellet lenger vest. Det området har stor verdi for villreinen i Setesdalsheiane, særleg om sommaren. Omfang og verknader av ferdselen er mellom anna avhengig av korleis friluftslivet utviklar seg og om det lykkast å kanalisere ferdselen i området. Av Heiplanen gjeng det også fram at omsynssone villrein også skal vera ei buffersone mot inngrep og menneskeleg aktivitet. Det er i Vinje etter kvart eit stort potensial i alt vedtekte planar, som også vil sikre betydelege lokale ringverknader.



Figur 1. Plot som viser posisjonane til radiomerkte reinsdyr i Setesdal Ryfylkeheiane fram til 1.1.2015. Frå www.dyreposisjoner.no.

Helge Kiland

